

Oversikt over innspel i høringsperioda

Innspel frå offentlege mynde:		
Avsendar:	Innspel:	Kommentar:
Statens vegvesen	Avkøyering og parkering til startpunkt til turmåla er viktig å ha fokus på. Ein bør sjå til at tilhøva i nærområdet er oversikteleg og godt organisert slik at ein har løysingar som gir god trafikktryggleik.	Teke til vitande
Møre og Romsdal fylkeskommune		
Universell utforming	Understrekar viktigheita av å ha sittemuligheter langs kvardagsturane, særleg relevant for turvegastiar som skal knytast til eldresenter.	Teke til vitande
Tettstadutvikling	Knytte planen nærare oppimot 300-metersbyen	Inkludert dette i planen
Automatisk freda kulturminne	Vil rå til å ha eige delkapittel om kulturmiljø og friluftsliv i planen Legge til eit avsnitt om friluftslivets påverknad på kulturmiljø og kulturmiljøet må vektast på ein berekraftig måte. Planen kan oppmode om nær dialog med kulturminnemynde om korleis ein kan legge til rette for friluftsliv utan at det verkar skjemma på kulturmiljøet	Tek inn eit avsnitt om kulturmiljø i planen
Folkehelse	Meiner tiltaksplanen med fordel kunne vore sett opp i prioritert rekkefølge, slik at det blir tydeleg kva tiltak som bør gjennomførast fyrst.	Mange av tiltaka krev innsats frå frivillige, samstundes som kommunane no er inne i vanskelege økonomiske tider. Har lagt inn eit avsnitt om prioritering i forkant av tiltaksplanen
Friluftsliv	Planen tek ikkje for seg dei statleg sikra friluftslivsområda. Vi vil oppmode kommunane til å bruke planen som eit strategisk verktøy for å identifisere nye område som bør sikrast, og til å: <ul style="list-style-type: none"> • Knytte eksisterande statleg sikra område saman med buområde og andre friområde gjennom stiar, turvegastiar og grønstruktur. • Vurdere nye sikringar i område med høg bruksfrekvens, naturverdiar eller særleg potensial for folkehelse og inkludering. • Bruke planen som grunnlag i dialog med Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune om prioritering av nye sikringar og tilskot. 	Har lagt inn eit avsnitt om statleg sikra friluftslivsområde, inkludert eit kart som viser kva område som er sikra, kvar det er prosess på gang/område vi ser burde jobba vidare med.
	Det bør presiserast at UU ikkje berre handle om fysisk tilrettelegging, men også om informasjon, orientering og tryggleik. Foreslår at UU-turar vert synleggjort i kartet og får prioritet i tiltaksplanen.	Lagt inn eit eige tiltak - kartlegge og utarbeide kart som viser turar som i dag er universelt utforma og tiltak som kan gjerast for å auke grada av uu.
	Vi foreslår at kommunen vurderer å innføre ein klassifisering av ferdssårer etter grad av inngrep, slik Miljødirektoratet anbefalar, og at dette blir synleg gjennom sonering i kart og informasjon. Vi viser til punktet om sonering på side 21 i rettleiaren.	Lagt inn som tiltak
	Tiltaksplanen er omfattande og godt strukturert. Vi foreslår at kommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Prioriterer tiltak som gir stor samfunnsverdi med liten kostnad, som skilting, kart og vedlikehald. • Sikrar at tiltak som krev inngrep blir vurdert etter naturmangfaldlova og kulturminnelova før gjennomføring, og at dei tyngste inngrepa gjerast i nærleiken av bu- og opphaldsområde. • Etablerer ein årleg dialogarena med turlag og grunneigarar, som foreslått i planen. 	Teke til orientering
	Planen kan også sei noko om kva for stiar som skal haldast opne og strøast om vinteren. Ikkje prioritert	Teke til vitande
	Vi støttar planforslaget og vil rose kommunane for eit godt og framtidsetta arbeid. Vi oppmodar til å: <ul style="list-style-type: none"> • Prioritere universell utforming, kvardagsturane og digital formidling • Verne inngrepsfri natur og urørte område • Sikre god medverknad og årleg oppfølging • Bruke planen aktivt i arealplanlegging og folkehelsearbeid 	
Samferdsel	orienter om tiltak som krev søknad og etter kva lovverk. Viktig å ha fokus på nok parkering i tilknytning til turmåla for å unngå parkeing langs veg	Teke til orientering
Stasforvaltaren i Møre og Romsdal	Positivt at planen er tydeleg på at fysisk tilrettelegging må avklarast i tråd med plan og bygningslova, og peikar på at regional og statleg mynde skal få høve til å uttale seg når deira saksområde er berørt.	Teke til vitande

Innspel frå politiske råd og utval:		
Avsendar:	Innspel:	Kommentar:
Teknisk utval/Fellesrådet, Ulstein kommune	Kart med fargemerking av stiar som er universelt utforma	Vert lagt inn som tiltak under universell utforming
Teknisk utval/Fellesrådet, Ulstein kommune	I det vidare arbeid må det sikrast omsyn mellom gåande, syklande og andre brukarar	Teke til orientering - kjem ikkje inn under sjølve planarbeidet her.
Ungdomsrådet, Ulstein kommune	Viktig med fleire søppelbøtter på turvegane.	Dette er ikkje noko kommunen kan drifte. Her må det haldningsskapande arbeid til - sporlaus ferdsl som det står i planen.
Ungdomsrådet, Ulstein kommune	Offentleg toalett - t.d Bugardsmyrane eler ved Tufteparken.	Lagt inn som tiltak - kommunen vurderer det som eit naturleg område for statleg sikring, då vil ein kunne få slike tiltak på plass.

Innspel frå frivillige lag og organisasjonar:		
Avsendar:	Innspel:	Kommentar:
NFU Veste Sunnmøre lokallag	1- Universell utforming av kart og symbol	Lagt inn som tiltak under UU i tiltaksplan. Når eit offisielt turkart på nett og papir vert utarbeidd for Ulstein og Hareid vil vi sjølvstekt ta hensyn til dette.
	2-Tilgang til sjøen	Har innarbeidd innspelet under UU-tiltak i tiltaksplanen. Poengeter at sjø også er ein del av fyrste tiltaket
	3- Universelt utforma turmål	Tek ønsket til etterretning, ser ikkje behov for endring i plan
	4- Kommunalt ansvar for å fremje uu i planlegging og fysisk tilrettelegging	Dette er eit ansvar vi sjølvstekt tek på største alvor.
	5 -Kommentar til kap. 4.2	Ikkje imøtekome. Har inkludert gruppa i den generelle befolkninga, og har egne avsnitt i planen som tek føre seg temaet.
	6- Digitale løysingar og IKT	Sjå fyrste innspel frå avsendar
Hareid IL, trimgruppa	Diverse innspel til kartet, nokre manglande råser	Gjennomgang av tabell med innspel til kart, vurdering av kva vi vil ta med i turkartet i planen, nokre er vurdert tidlegare i prosessen. Tek med alle innspela til oppdatering av FKB traktorvegsti.
Hodr Hjørungavåg vikingsete	Forslag til ny natursti frå Hodr vikingsete til Hjørundalsvatnet	Vi fjerne ferdsslesåre frå Røyset til Øvrelid i temakartet, då det her er for igjengrodd. Legg inn i tiltaksplan og kart for foreslåtte nye tiltak.

Oversikt over innspel i høringsperioda

Innspel frå frivillige lag og organisasjonar:

Brandal utmarkslag	Litt svak representasjon blant aktørane når det gjeld naturkunnskap og kompetanse om viktige naturomsyn. Ynskjer å understreke kor viktig det er å involvere rettshavarane både når det gjeld utarbeiding av kart og når det gjeld konkrete tiltak i lendet.	Teke til etterretning
Flø idrettslag	Stiller seg undrande til sherpatrapp på Gåsneset.	Dette er eit innspel som kom inn i første merknadsrunde. Prosjektgruppa har ikkje teke stilling til innspelet utover at dette krev ein brei planprosess og må handterast etter plan- og bygningslova. Det må i den evt. prosessen takast stilling til om, korleis og i kva omfang dette er aktuelt.
	Parkering i tilknytning til Roppesanden - ber om at denne vert lagt på utfylt område.	Dette er også eit innspel som krev prosess etter pbl. Det er heilt klart eit parkeringsbehov her, men korleis og i kva omfang må avklarast gjennom prosessen.
	Gapahuk på gamle søppelfyllinga vil medføre meir trafikk, og avkøyrsla her er trafikkfarleg	Flott turområde, men vindfullt, Vi vurderer dette som eit tiltak først og fremst for dei som går tur langs Larstien. Fylkesvegen i Fløstranda er uoversikleg og smal, men trafikksikring her er ikkje eit tiltak som kjem innunder denne planen.
	Vekst av buskar og trær lags Fløvegen	Dette er eit tiltak for trafikktryggingssplanen - innspelet vert sendt over dit.
	Skilting starte frå sentrum	Dette ligg inne under tiltaka som omhandle nærturar.
	Bygg turveggar med varsemnd, beitedyr følger desse.	Å bygge turveggar er ikkje ein del av denne planen, må handterast gjennom byggesak.
	Behov for større søppelbøtte ved Roppesanden.	Kjem ikkje innunder denne planen, men innspelet vert sendt vidare til driftsavdelinga.

Innspel frå privatpersonar:

Avsendar:	Innspel:	Kommentar:
Ståle Liavåg	Ynskjer motvekt som taler naturen si sak, oppmodar om jeger- og fiskeforeininga, natur og ungdom, og private fugleinteresserte.	Kommunane har hatt brei involvering i planperioden. Vi vil sende over innspel til dei som arbeidar med plan for naturmangfald. Denne planen er sendt til Jeger- og fiskerforeininga. Det er ikkje lokallag av Natur og ungdom på øya. Har vore godt annonsert både i sosiale medier, heimeside til begge kommunar, to annonser i lokalavis og det har vore artikkel i lokalavisa. På bakgrunn av dette vurderast det difor til at privatpersonar har fått god nok anledning til å uttale seg.
Sten Øvrelied	1- Ynskjer fjerning av tilkomststi i kart som går gjennom tunet. (Liavegen 143) 2- Ynskjer fjerning av sti	Det er fleire tilkomststiar i området, vil difor imøtekomme innspelet og fjerne denne tilkomststien frå kartet over turveggar vi skal lage gå der. Stien er godt innarbeida, ligg t.d. inne i Hjørungavåg turlag sitt kart. Hjørungavåg turlag var i kontakt med fylket ang. denne problemstillinga for mange år sidan. Det vart då sagt at hjorten vil tilpasse seg evt. nye råser, og at råsa kan ligge i kart. Vel difor å la stien framleis ligge i kartet.
Ottar Pilskog	Sendt inn Hjørungavåg IL sitt turkart over trimpostar, som tilskot til stiar. Tilgjengeleg ved spørsmål	Kartet er identisk med utarbeida kart i plan, med unntak av at vi har fjerna eine tilkomststråa etter innspel frå grunneigar. Ikkje behov for nye tiltak.
Kari Wolsdal	1- Klopping mot Hovdenakken frå beitet 2- I standsetting av gamal leikeplass på Brandal 3- Ytre Hareid, Ynskjer pålegg om rydding mellom Cicle K mot ytrekaia for betring av opplevinga av nærtur ut på nordre molo Rydde, jevne lage til den halvferdige skogsvegen frå Ytredalen mot Skolma 5- Fuglekikartårn, t.d. ved Torvløda, Rotarystien 6- Vøle Køyrevegen Opp frå øvste Håbakkane 7- Gapahuk sommarfjosen 8- Skilte vegar/råser lenger ned, t.d. langs gangveg Brandal-Eidet 9- Avklare med grunneigarar om det er greitt å gå forbi/gjennom tunet 10- Merke Ytredalen – Skolma 11- Det er merka 2 råser frå Indredalen - Brødrene 1) Indredalen- langs elva - Storesteinen- langs elva- Mosvatnet- Storebroren og vidare 2, 1, Tørlinghaugane - mot Dalen - Storesteinen- Ytredalen langs elva(Bondebakkane)	Ligg allereie inne i plan i temakart «behov for klopping» Ikkje ei ferdselsårer, kjem ikkje under denne planen Innspel er vidare sendt til sakshandsamar ang. forureining/forureiningsmynde i Hareid kommune Privat veg i samband med hogst/rydding, ikkje planlagt som tursti/-veg Lagt inn som mogleg tiltak Lagt inn som mogleg tiltak. Meldt inn til arbeidet med kulturminneplan. Står allereie i plan Informasjonsskilt i sentrum og betre merking av råser og snarveggar ligg allereie inne som tiltak i plan Allemannsretten set begrensingar på ferdsel, t.d. ikkje lov på dyrka mark. Vurdert som godt nok merka. Har lagt inn rås 1 i innspelet i kartet. Indredalen- langs elva - Storesteinen- langs elva- Mosvatnet- Storebroren og vidare
	12- Klopping og merking over myrane frå Håbakkane/Hovlid mot Holstadhornet 13- Legge vinn på å ha det klipt og luka i sentrum. 14- Generelt nydelig å gå nærtur i bygda om sentrum (ytre) vert rydda 15- Kajakk , mulighet for kajakk, kvar kan ein gå i land m niste? 16- Det er svært viktig at det vert lagt tilrette trivelige område , fortsette på det gode arbeidet i sentrum . For det er ikkje så mange sentrumsnære turar å legge avgarde på lengre turar	Ligg allereie inne i plan i temakart «behov for klopping» og temakart "behov for merking/skilting") Viktig oppmoding, men ikkje ein del av planen for friluftslivets ferdselsårer Sjå kommentar på innspel 3 frå same avsendar. Sjå kapittel 2.6 i plan om padling med 3 ROS-analyserte padleturar I planen er eit tiltak betre merking av sentrumsnære turar
Philip Overvåg	Utbetere parkeringsplass på Flø, før bom til Brørevatnet.	Regulert inn i arealdelen av kommuneplanen. Utviding av P-plassen må ev. grunneigar initiere.
Sigve Ulstein	Ynskjer fjerning av merking av rås Frå Ryssholmen til Gamle Ulstein kyrkjegard, ynskjer ikkje auka trafikk. Parkeringsplass, Ulstein bedehus. Ynskjer ikkje at det er merka som Parkering	Viktig sløyfe i nettverket, men har forståing for at auka trafikk her kan vere til ulempe for drifta av slåttemarka. Fjernar stien i kartet langs sjøen, beheld den delen som går frå sjøen og opp langs gamle kyrkjegarden på Ulstein. Teke til vitande -fjernar frå kart
Bjørnar Kleiven	Skilting om storfe på beitet Ikkje merke turveg på grusveg frå Storelva til bak Roppemarka	Er tatt med som tiltak i plan Vurderer at vi ikkje vil fjerne det frå kart. Skiltar i kart - Storfe på beite. Vi rår grunneigar sette opp skilt med "Obs: Storfe på beite og ku med kalv", og i kva perioder det gjeld.

Aller innspela i fulltekst kan de lese i på kommunene sine nettsider - lenke til arkivsakene :

[Hareid kommune - arkivsak 2022/1081](#)

[Ulstein kommune - arkivsak 2021/3020](#)